

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Løten.

Emne: Brynet.

Bygdelag:

Oppskr. av: Aksel Andersen,

Gard:

(adresse): Adelsbuk

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Eit bryne og det å bryne er vanleg i Løten. Med heim eller hen (som er bygdeuttalen) er det meir ymynt. Somme kjenner ordet godt; andre har ikkje høyrd det før. Dei som nyttar hen, er samde om at det er eit fint, hardt bryne av naturstein.

2) No er det mest bryne av kunststein som er i bruk, smergelbryne, karborenderumbryne og andre. Naturlig brynestein finst, og eg har råka på tri menn som har nemnt ulike finnestader i bygda: Kollbjørn Lie, Adelsbuk, var med i eit arbeidslag på 15 karar for ei tid sidan uppe i Nordbygda. Dei heldt på med ein veg i nørleiken av Storrigeidssetra. Då fann dei ein stein som kløyvde seg i to velage bryne-emne, og alle forsøkte seg. K. Lie seier at dette var hever; og til prov på det fortalde han at då dei fekk slengt opp ei side, kunde dei riga i og kende ei vanleg fyrstikke på heverne. Skogsarbeidarar plan rekna det for eit merke på ein hen at dei kan gjera det. Og sjølv hadde han rignt det var gode

2

bryner, dei han hadde fått med seg
derifrå. - Ein annan steinarbeidar, Jonas
Olsson, fann bryne-eranne i Tvartelwa
rett ut for Trömmes-garden, den tid
han arbeidde med Kobosjö-demninga.
Frå same stroket skal dei vera komne
nokre av dei bryna som har vore i bruk
på Klevfoss Cellulosefabrikk, forkl bane-
formann og småbrukar Elias Larsen Eggen;
sjøls har han ein ten som skal vera fem-
nen lengre nedre etter elva, mot Tlseng.
Dette er då brot dei folk har tenka bryna
sine sjølve.

Frå Trysil er det komne Tanna-bryner
til bygda, forkl Havald Björke, bonde i
50. år. Ein kjøpmann Paulsen i Ljördalen
sende kassevis av deim og seldr deim, for
20-30 år sidan. No er det ventetey slutt.
Men lengre attende var det Korp-Ola-
bryna som var dei gjøvaste. Björke
meiner dei hadde namn etter ein
svenske, ein Korp-Ola, som fann deim
i eit brot på svensk side etter grensa
mot Trysil. Då han døyvde, kanskje
kring 1900. årsskipt, skal finne staden
ha gått i glemmeboka. - I med og små-
brukar Johan Lökjeskapen (85 år) synte meg
eit Korp-Ola-bryne som han hadde havt
i minst 70 år. - Korp-Ola-bryne var laede,
Tanna-bryna noko lausare.

3) Er det skard (skal) i eggen, botnar det
like med bryning

4) Ingen som eg har spurt, kan hugsa
eller har høyrst at Ljåen vart bende kross

i staden for å bli slipt på ein slipes-
stein. Nokre tidfesting på slipesmåten
har det då heller ikkje vore råd å koma
fram til.

5) Ein stein som ligg fast, og som det
blir slipt på med å føra reidskaperen fram
og attende, er kjend. Nærvinga seinne
(ei) um ein slik stein høyrde eg smedem
Johan Løkjehagen bruke (ein annan
Løkjehagen, Oluf, arbeidformannen på
Stor-Løkja, i 60-åra, mytta derimot ordt
um eit smergelbryne han brynte ljåen
med). Snikkarar og fôrnermennesker
nyttar slike faste steinar ennå.

- Slipessteinar frakta dei med seg
berre når dei skulde rettaleig langt
av gards, t. d. til seter. Lars Rønne
drog med seg ein slik flygjande stein
når han slo seterlykkjer på Storriggeren
eller andre stadar, fortel Oluf Løkjehagen.

6) Det her vore skikk å slipa ein gong
i åkta. Då hadde ein med seg 2 ljåer.

7) Stykstikke, helst av bjørk, gjaklitt
tjyre og sand har vore brukt (Johan Løkji-
hagen). Elias Larsen Eggen (84 år) taler
um ei seinnestikke av tre med lim og
sand; det er kanskje det same som den
smergelstikka som Kolbjørn Lie (sist i
40-åra) hugsar han seg for sin hadde. Det
var nok helst fabrikkvare.

8) Har ein fleire brukande gjæblad um
ovr (årv, eit), kan det vera lagley å slipa
dei, lause, dersom ein då kan festa

4

dei lettviint, k. d. med ein holk (hålk)
og ein blei ved jöen (kroken som går
inn i over). Elles vart ljäen fest
med kløyvde bejer av bjök; sidan
vart det spankrör.

Eggen held ein mot seg, anten
ljäen er fast eller laus.

9) I Lätin er det berre langorr ein
ser i bruk. När ein bryner, står ein
då rak og held ljäen inn mot vinstre
sida, medan den övre endan av over
er klemd mot jorda. Med högre handa
föer ein brynet, og let det skiftewis gå
på bae sidan av eggen (ein smekar).
Vinstrechanda fylger med burketter
og skyd ljäen.

10) Dei fleste av dem eg har spurt,
kallar ein brynbutt; men Johan Höj-
lagen sejer smekabutt. Butten er laga
av tre eller flekk. Trebuttane kan vera
utthola av eitt stykke, eller 2 halvpartar
er ihopsette med gjörder. Butten av
horn har eg ikkje høipt gjete; men hei-
melsmennene held det

11) ikkje utruley.

12) Koppun fester ein med ein krok
i belttereima bek.

13) Natursteinbryna fuktar ein; dei
andre nyttar ein turre.

14) Mjölöt som kjem fram med bryn-
inga kallar Johan Höjeklagen og Elias
Larsen Eggen for brynsainn. Dei
andre eg har spurt, har ikkje høipt noko

namn på det.

15) Ingen har høyt at brynsand skulde hjelpe mot ringorm eller

16) mot kald og stung.

17) Både J. Lökjehagen og Elias Eggem har høyt at det skulde vera godt å leggja eit bryne i ei maurtuve, når det var for hardt.

18) Hanna Henriksen, hushaldar i 60. åra hjå Johan Lökjehagen, hegrar ei strofe når dei brynte: „Gamle kjerringen, kom får je tala ved dekk!“

Og Johan sjølv nemner denne: „Före gjikk a Helene og etter kom in Lars.“

Andre derimot seier at det var skrygg ord som vark nytta, så dei ikkje

Raka dem i sin orunn (Oluf Lökjehagen, Elias Eggem). Uirveges har eg høyt av lærar E. Horn, innfødd Løden-sokning, hva dei siktar til. Den sistnemnde har høyt at denne regla vark nytta når bryninga nærma seg odden: „Smelkafitte, Bjäfritte, smelkafitte, Gäfritte.“

19) Ingen kan fortelja at det var sagt noko særskilt når ein spulta på brynet.

20) Heller ikkje er det kjent nokre samanhengande ramsor, slike som dem Nils Lid fortel om frå Voss.

Tillegg til punkt 9:

Uirfram måten å smelke, d. e. å føra brynet skiftevis på kvar side av læggen, kunde vere nemnt at ein kan stryke. Då

6
stryk ein brynet langsetter eggen i lang
bak og på same side. Denne måten
gjeld heile når ein braker smergelbryne
eller annan kunststein (jfr. elles stryk
stikka i punkt 7).

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

343

343